



Sunnfjord kommune

Areal- og byggesak

Norges vassdrag og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vår ref.:
25/3006-5

Dykkar ref.:
d86647e4-64be-4c2d-9f01-
5e3852dfb0cf 09.04.2025

Saksbehandlar:
Berit Holme

Dato:
16.05.2025

Fråsegn - ny straumforsyning til dam Seltuftvatn i Sunnfjord kommune

Sunnfjord kommune si fråsegn til framføring av straumforsyning til dam Seltuftvatn:

- Sunnfjord kommune er positiv til at det vert lagt til rette for enklare drift av damanlegget ved Seltuftvatn ved å føre fram straum til anlegget og bygge ny nettstasjon.
- Av omsyn til sårbar natur i området ved Seltuftvatnet må straumkabelen leggst i grøft med minst mogleg inngrep. Det vert vist til alternativ 2 i konsekvensvurderinga.
- Sunnfjord kommune legg vekt på at det er lite inngrep i området slik at området må tilbakeførast i mest mogleg opprinnleg stand etter at kabelen er lagt i grunnen og nettstasjon er etablert.


Saksopplysningar:

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) har motteke konsesjonssøknad frå Statkraft, og sender den til uttale den 09.04.2025 med merknadsfrist den 28.05.2025. Konsesjonssøknaden gjeld ny straumforsyning til dam Fossvatn og dam Seltuftvatn i kommunane Høyanger og Sunnfjord. Anlegga skal gje straumforsyning til lukestyring og måleinstrument ved dammane. Det vert søkt om følgjande tiltak:

- Tre nye nettstasjonar (ved dam Fossvatn, dam Seltuftvatn og Stordalen).
- Etablering av 24 kV kabelanlegg mellom eksisterande nettstasjon og dei tre nye nettstasjonane.
- Ekspropriasjonsløyve (oreigningslova av 23.10.1959, § 2 punkt 19) for naudsynte grunn og rettar for å byggje og drive dei elektriske anlegga, inkludert rett til all naudsynt ferdsel/transport. I tillegg løyve til å starte bygging av anlegga før ev. skjøn er halde, jf. oreigningslova § 25.

Statskraft arbeider samtidig med søknad om å rehabilitere dammane i Seltuftvatn og Fossvatn. I samband med dette planlegg Statskraft å bygge veg frå Fossvatn gjennom Stordalen til Seltuftvatn. I søknaden vert det opplyst at Kabeltrase til Seltuftvatnet er planlagd lagd i ny permanent veganleggstrase (alt 1) så langt det let seg gjere, ev. i separat kabeltrase (alt. 2). NVE har godkjend detaljplan for miljø og landskap dam Seltuftvatn den 08.05.2025. NVE avslår samtidig framlagde anleggsveg mellom Fossvatnet og Seltuftvatnet.

Seltuftvatn ligg like nord for grensa mellom kommunane Sunnfjord og Høyanger. Strekninga frå kommunegrensa til dammen er ca. 140 m og går frå 798 m til 815 m.o.h. Avstanden mellom Fossvatn og Seltuftvatn er ca 2220 -2660 m. Dei fleste tiltaka vil skje i Høyanger kommune.



Kart til venstre viser plassering av Seltuftvatn i Sunnfjord kommune, og kartfigur til høgre er henta frå søknaden til Statskraft.

Seltuftvatnet er sett av som naturområde, og landareala rundt som landbruk-, natur- og friluftsområde (LNF-område) i Sunnfjord kommune sin arealdel frå 2024. Området er utsett for potensiell fare for skred og flaum. Området er registrert som svært viktig friluftsområde Viksdalen sør. Det er registrert artar av svært stor og stor forvaltningsinteresse. Artane er registrert som sårbare eller nær trua artar.

Kommunen si vurdering

Statskraft ynskjer å føre fram ny straumforsyning for å fjernstyre damluker og måleinstrument knytt til damanlegga. Kommunen vurderer at dette er positivt sidan tiltaka vil føre til sikrare og meir effektiv/optimal drift av damanlegga m.m. (HMS; mindre fysisk transport, mindre fare for utslepp av drivstoff) Straumen vil i tillegg nyttast i samband med rehabilitering av sjølve dammane.

I samband med gjennomføring av tiltaka vil det bli gjort inngrep i eit sårbart og verdifullt natur- og friluftsområde. Inngrepa vil skje i terrenget i samband med oppføring av nettstasjonar og framføring av kablar til damanlegga. Storleiken på nettstasjonane fører til at inngrepa vil bli små. Det visuelle uttrykket vil bli dempa ved mørke fargar på nettstasjonane. Kommunen vurderer at tiltaket i liten grad vil påverka området dersom opparbeidinga skjer på ein skånsam måte.

Søknaden omtalar to alternative framføringar av straumkabel til Seltuftvatnet. Alternativ 1 er ny anleggsveg med jordkabel i vegen. Alternativ 2 er jordkabel mellom vatna. Begge alternativa vil fylgje gamal sti/anleggsveg. Alt. 1 er vurdert å ha samla stor negativ konsekvens for naturmangfald, medan alt. 2 er vurdert å ha samla sett noko negativ konsekvens for naturmangfald. Grunnen for denne vurderinga er at tiltaket vert planlagd i natur som er sårbar for inngrep, og som det tar lang tid å reetablere. Ny anleggsvei fører til at deler av lokaliteten med boreal hei vert øydelagt permanent. Kommunen rår derfor til at alternativ 2 med nedgraven jordkabel vert nytta i prosjektet. Dette vil vere i samsvar med NVE si godkjenning av detaljplan for miljø og landskap dam Seltuftvatn.

Kommunen har ikkje kommentar til rettar knytt til gjennomføring av tiltaka.

Statskraft Energi AS har utarbeidd ei risikovurdering m.a. for naturfare. Dei vurderer risikoen er akseptabel sjølv om enkelte deler av anlegget er plassert inn i aktsemdsonene for m.a. flaum og snøskred.

Før tiltaka vert gjennomført må tiltaka handsamast etter plan- og bygningslova anten i reguleringsplan i kap. 12 eller som dispensasjon i kap. 19.

Med helsing

Odd Harry Strømsli
einingsleiar

Berit Holme
arealplanleggar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

Kopi til:

Høyanger Kommune
Statsforvaltaren i
Vestland

Postboks 159
Njøsavegen 2

6991
6863

Høyanger
LEIKANGER